

Nytt frå Vinjelosen

Blir du med på Bygdetreff?

Tidlegare blei det skipa til *næringstreff* rundt om i kommunen - eit kommunalt initiativ som blei godt tatt imot av næringslivet. Av ulike årsaker har ikkje dette blitt gjennomført i seinare tid. Dette ynskjer me å gjera noko med, men i ei nyare drakt: no vil me invitere til *bygdetreff*, som opnar opp for eit breiare publikum.

Bygdetreffet skal vera ein arena for **næringsliv, innbyggjarar, studentar, hytteinnbyggjarar** og nye **tilflyttarar**. Her vil de få mat og drikke, i tillegg til sosialt, fagleg og kulturelt påfyll. Me vil difor ha eit innhaldsrikt program for desse kveldane, og fokusere på variasjon i tema, mat og lokasjon. Treffa blir halde i kommunal regi, men i tett samarbeid med det lokale næringslaget eller reiselivsdestinasjonen.

Fyrste treffet i rekkja blir på **Rauland Høgfjellshotell torsdag 23.april**. Tema for kvelden er *kunstig intelligens*. Følg med på Friskus og SoMe for påmelding og informasjon.

Velkomen til eit reallt bygdetreff!



Vinjelosen